

## Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Måndag 28.september 2020, kl. 12.00-15.00.

Sted: Zoom

### Deltakarar:

Randi Skår (dekan, møteleiar), Hilde Kristin Tveit (seniorrådgivar), Britt Moene Kuven (førstelektor), Kjetil Grimastad Lundberg (professor), Ole Tormod Kleiven (førsteamanuensis), Petrin Hege Eide (førstelektor) (vara for Maria Nordheim Alme), Astrid Toft (dagleg leiar i KS Hordaland), Sissel Brusegård (fagleiar fylkeskommunen), Lovise Vedvik (student), Fredrik Sørensen (student) og Therese Bøyum (sekretær).

### Gjester:

Dagrun Kyrkjebø (viseinstituttleiar, ved institutt for helse- og omsorgsvitenskap og vikar for prodekan for utdanning) (sak 6/20), Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) (sak 6/20 og 7/20), Trude Engebretsen (administrasjonssjef), Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) og Liv Kjelleberg (fakultetsrådgivar) (sak 8/20), Alice Kvåle (prodekan forskning) og Solveig Lund Witsø (forskningsrådgivar) (sak 9/20).





*Merk: gjestar vil få beskjed om kva tid dei skal kople seg på møte.*

### Forfall:


Olav Klausen (administrerende direktør i Helse Fonna) og Maria Nordheim Alme (førsteamanuensis).

### Observatørar:

Ann Jørstad Nilsen (kommunikasjonsrådgivar) og Liv Kjelleberg (fakultetsrådgivar).

Sak	Saks- type <sup>1</sup>	Dokument/saksframlegg	Kva skal skje i møtet?	Ca tid
Sak 6/20: Beredskapsarbeid i FHS	D	Sjå vedlegg:   Beredskapsarbeid knytt til pandemien	Fakultetsrådet får orientering om beredskapsarbeidet og gir sine innspel i saka.  Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) gir ei oppsummering av beredskapsarbeidet i fakultetet.  Dagrun Kyrkjebø (viseinstituttleiar, ved institutt for helse- og omsorgsvitskap og vikar for prodekan for utdanning) blir også med under denne saka.	35 min
Sak 7/20: Studieportefølje- utvikling	D	Sjå vedlegg:   Studieportefølje 2021-2022 FHS.docx  Vedlegg 2 Periodisk evaluering av samla studieportefølje for  Vedlegg 1 Samlet	Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) gir ein status om arbeidet med studieporteføljeutvikling ved FHS.  Fakultetsrådet gir sine innspel i saka.	35 min
Sak 8/20: Økonomistatus i FHS	O	Ingen vedlegg i saka. Munnleg orientering og presentasjon i møtet.	Trude Engebretsen (administrasjonssjef) og Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) orienterer om økonomistatus i FHS. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Presentasjon av økonomistatus ved FHS for 2.tertial</li> <li>• Budsjettinnspel til KD, midlar utafor ramma 2022.</li> </ul> Spørsmål og kommentarar frå fakultetsrådet.	35 min

<sup>1</sup> D = Drøftingssak O=orientering

Sak 9/20: Etablering av forskingsprogram i FHS	D	<p>Sjå vedlegg:</p>  <p>Forskningsprogram-ved-fhs.pdf</p>	<p>Syner til sak som vart sendt ut på høyring til fakultetsrådet 27.mars, og orienteringssak i fakultetsrådet 11.juni.</p> <p>Arbeidsgruppa som fekk i oppdrag å jobbe vidare med organisering av forskingsprogram, leverte sin rapport i august. Med bakgrunn i arbeidsgruppa sin rapport, ligg det no føre forslag om å etablere fire forskingsprogram.</p> <p>Leiargruppa har hatt ei grundig drøfting av forslaga, og saka skal no leggst fram for ID-møte<sup>2</sup>, i tillegg til fakultetsrådet. Forskargruppene skal også gi si tilbakemelding.</p> <p>Vi ønskjer såleis innspel og kommentarar frå fakultetsrådet, på vedlagt forslag om fire forskingsprogram.</p>	35 min
--	---	--	--	--------

### Orienteringar (15 min)

- Fakultetsadministrasjonen har no utarbeida første utgåve av eit årshjul over faste saker og aktivitetar i fakultetet. Årshjulet er eit overordna styringsverktøy, og bidrar til oversikt, medverknad og transparens i dei overordna aktivitetane og fristane ved FHS.
- Her finn du lenke til årshjulet: <https://create.plandisc.com/FbNNb9z>
- FHS sin status i forhold til universitetsprosjektet.
  - Tilpassingsavtalen.

<sup>2</sup> Informasjon- og drøftingsmøte (ID-møte) er ein arena for samhandling mellom tillitsvalt og leiinga ved fakultetet. Det skal bidra til god kommunikasjon, informasjon og medraderett mellom leiinga og dei tilsette.

**Sak 6/20: Beredskapsarbeid i FHS**

I forkant av møtet fekk medlemene i fakultetsrådet oversendt eit dokument, der det vart gjort greie for korleis fakultetet har organisert og løyst beredskapsarbeidet så langt under pandemien, og ei skildring av hovudutfordringane i dagens situasjon.

Dekan innleia i saka, og orienterte om at det også er gjennomført ei evaluering av beredskapsarbeidet ved FHS, og at denne evalueringa skal bidra til forbetring i vidare beredskap.

Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) skildra utfordringsbiletet i FHS, og Dagrun Kyrkjebø (viseinstituttleiar IHO) supplerte i saka. Utfordringane er i særleg grad knytt til praksisgjennomføring og digital undervisning. Beredskapsarbeidet er i full aktivitet framleis, og ein brukar kontinuitetsplanen aktivt. Kontinuitetsplanen blir brukt for å løyse konkrete situasjonar, men også for å dokumentere undervegs.

Fakultetsrådet vart oppfordra til å kome med innspel på orienteringa, og innspel på om det er andre risikoområde FHS bør gripe fatt i.

**Stikkord frå innspel:**

- Det kjem innspel frå intern representant, om utfordring kring digital undervisning. Det ligg støtteordningar tilgjengeleg på HVL sine intranettsider, som til dømes instruksjonsvideoar for digital undervisning, men tilbakemeldingar frå tilsette tyder på at dei ikkje finn tida til å prioritere denne opplæringa. Det blir også poengtert, at opplæringa opplevast tyngre, i dei periodane ein har heimekontor. Det kjem forslag om at tilsette får tildelt ressursar på arbeidsplanen, til pedagogisk utdanning innan digital undervisning, eller at det vert arrangert samlingar med fellesopplæring.
- Intern representant skildrar utfordringar med høgt frávær blant studentar. Fráværet kan hindre gjennomføring av praksis, samstundes med at praksisfeltet er pressa, og ikkje kan tilby alternative løp. Det vil kunne medføra, at nokre av studentane ikkje får tilstrekkeleg tid i praksis, og at utdanninga deira ikkje blir godkjent.
- Ei av dei store utfordringane i praksisoppfølginga, er at enkelte kommunar innfører eigne smittevernregler - som til dømes karantenerregler. Det kjem spørsmål frå ekstern representant, på om HVL bør sjå nærare på praksisavtalane mellom HVL og kommunane, då avtalane bør skildre kva som skal skje, dersom lokale smittesituasjonar oppstår. Dersom avtalane ikkje omhandlar dette, kan det gje kommunane for stor friheit til å avvise studentane frå å gjennomføre praksis.
- Både intern representant og student, tar opp bekymring knytt til studentane sitt psykososiale miljø og fråfall, og stiller spørsmål om FHS kartlegg den dimensjonen, og korleis dette biletet ser ut for tida. Dette er tema på møte i beredskapsarbeid på HVL-nivå, og tala på gjennomstrøyming kjem 1.oktober. Tiltak vil bestemmast ut frå kva tala viser. Det arbeidast også opp mot studentillitsvalte, for å fange opp bekymringar med fråfall.

- Intern representant melder tilbake om fin gjennomgang av beredskapsarbeidet, og om at FHS har ein god «finger på pulsen» her. Representant vil likevel understreke viktigheita av å få til eit opplegg for eigentrening, og at det er svært viktig at studentane ved FHS sine utdanningar ikkje misser meir tid i praksis. Dette er kritiske punktet, for at desse utdanningane skal bli gjennomført. Representanten har også innspel om ressursbruk: det er mange som jobbar svært mykje med å få til god undervisning. Med planlegging av RETHOS i 2019/2020 og pågåande pandemi, har arbeidsmengda vore svært stor. Ingenting av dette er lagt inn i arbeidsplanane, og det er ei klar fare for at ein del av lærarstaben har strekt seg for langt. Sjølv om det også blir brukt tid på FoU, er det nok mange av dei som underviser på bachelorutdanningane, som har brukt mykje FoU-tida både på RETHOS, og no endringar som følgje av pandemi.
- Intern representant ytrar bekymring rundt det administrative apparatet, med mykje ekstraarbeid som følgje av pandemien, og nemner spesielt praksisadministrasjonen.

### **Sak 7/20: Studieporteføljeutvikling**

I forkant av møtet fekk medlemane i fakultetsrådet oversendt eit dokument med forslag til studieportefølje for studieåret 2021/2022. Same dokument vart også lagt fram i leiarmøte ved FHS (25.september) og i Utdanningsutvalet ved FHS (same dag som fakultetsrådet). Innspel frå leiargruppa, råd og utval, vil bli innarbeida i forslaget, og oversendt til styret – som fastset den samla eigenfinansierte studieporteføljen i november.

Dekan innleia i saka. Prodekan for utdanning orienterte om arbeidet med studieporteføljeutvikling ved FHS.

Fakultetsrådet vart oppfordra til å kome med innspel på om det er moment som er oversett i vedlagt dokument.

#### Stikkord frå innspel:

- Det kom fleire tilbakemeldingar frå deltakarane i fakultetsrådet, om at forslaget til studieportefølje 2021/2022, er eit godt og gjennomarbeida dokument.
- Intern representant meiner vi kan miste ein del interessante emne og fag, dersom vi held oss til 15 studiepoeng som storleik. Det vil vere enklare å få til internasjonalisering dersom ein kan bygge opp med mindre emne.
- Til spørsmål om etablering av studieprogram, kjem det to kommentarar frå intern representant:

1) Representant påpeikar at det er viktig at HVL er i tett dialog med praksisfelt og andre aktørar som jobbar med helse til befolkninga. Nokre grupper er avhengige av mykje hjelp frå frivillige organisasjonar for å få nødvendig helse- og sosialhjelp, og dette må HVL jobbe for å endre. Eit svært viktig eksempel på dette er migrantar (arbeidsinnvandrarar, flyktningar, asylsøkjjarar, familiegjenforente, ureturnerbare) som per i dag ikkje har den helsehjelpa dei har krav på. Det er fleire årsaker til dette, og denne gruppa er heterogen, men her bør HVL vere i dialog med relevante organisasjonar, i tillegg til aktørar som NAV, i å skape utdanning som kan fremme meir likheit innan helse.

2) Dette med finansiering er vanskeleg. Kven skal ta kurset, og kven er betalarar? Dersom det er kommunane som skal betale, kan det bli ei skeivheit i kompetanseutvikling i dei ulike kommunane. Dei som har lite ressursar, vil tape meir. Det kan også vere svært nyttig å tenke samarbeidsgrader, både mellom norske utdanningsinstitusjonar og utanlandske institusjonar, for å senke kostnader, sikre fagleg relevans, internasjonalisering og samarbeid mellom både profesjonar, organisasjonar og etatar.

- Ekstern representant melder tilbake at det er gjort eit imponerende og stort arbeid med studieportefølja. Det er stor førespurnad om etterutdanning blant tilsette innan barnevern. Representant opplyser at berre ein liten del av dei som ønskjer slik utdanning, får tildelt studieplass. Kva gjer FHS for å svare på dette behovet? Prodekan utdanning kan opplyse om at FHS har søkt om ferske studieplassar til barnevern (30 plassar).
- Intern representant ytrar bekymring kring gjennomstrøyming på masternivå, og spør kva FHS gjer for å auke gjennomstrøyminga for denne gruppa? Prodekan utdanning melder tilbake at masterutdanningane skal tilpassast denne studentgruppa, og at dette er ein del av det som skal grunngjevast i akkrediteringssøknadane av dei nye mastertilboda.
- Det kjem fleire innspel om å rydde i namna på masterprogramma. Studiane bør vere meir beskrivande og konkrete. Namna på utdanningane må vere lett forståeleg, og relevant for utdanninga. Det skal også klinge godt på engelsk. Namna har dessutan mykje å bety for rekruttering, og for treff frå Google-søk. Fint om det kjem innspel til namn frå fagmiljøa, og kommunikasjonsrådgivar kan også bistå i arbeidet.

### Sak 8/20: Økonomistatus i FHS

Trude Engebretsen (administrasjonssjef) og Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) orienterte om økonomistatus i FHS. Liv Kjelleberg (fakultetsrådgivar) supplerte i saka.

Gjennomgang av resultat for 2.tertial.

Fakultetsrådet fekk presentert FHS sine budsjettinnspel til midlar utafor ramma 2022. FHS skal sende inn sine innspel til HVL sentralt (28.september), og HVL sentralt samlar innspela frå dei ulike fakulteta og einingane, og sender eit samla budsjettinnspel til Kunnskapsdepartementet innan 1.november.

#### Innspel frå fakultetsrådet:

- Det kjem innspel om at det er eit generelt behov for auka ressursar til undervisning. Tilsette i undervisningsroller er pressa, og det er ekstra prekært med auke i ressursar for gjennomføring av ferdigheitstrening.
- Det kjem innspel frå intern representant, om at masterutdanning i klinisk sjukepleie; ABIO utdanningane (ABIO= anestesi, barne, intensiv og operasjon), blir tatt med i innspel til midlar utafor ramma. Det er ønskje om at denne utdanninga skal gå frå finansieringskategori D til kategori C. Dekan tar det med i budsjettinnspelet.

#### **Sak 9/20: Etablering av forskingsprogram i FHS**

Syner til sak som vart sendt ut på høyring til fakultetsrådet 27.mars, og orienteringssak i fakultetsrådet 11.juni.

Arbeidsgruppa som fekk i oppdrag å jobbe vidare med organisering av forskingsprogram, leverte sin rapport i august. Med bakgrunn i arbeidsgruppa sin rapport, ligg det no føre forslag om å etablere fire forskingsprogram. Leiargruppa har hatt ei grundig drøfting av forslaga, og saka skal no leggest fram for ID-møte<sup>3</sup>, i tillegg til fakultetsrådet. Forskargruppene skal også gi si tilbakemelding.

Dekan innleia i saka. Alice Kvåle (prodekan forskning og leiargruppa), orienterte fakultetsrådet om vurderingane bak forslaget om etableringa av forskingsprogram i FHS.

#### Innspel frå fakultetsrådet:

- Intern representant meiner det er positivt at det blir danna forskingsprogram. Det er litt vanskeleg å sjå kven som høyrer til kvar, men det treng ikkje vere negativt. Positivt at organiseringa ikkje skal føre til ekstra administrasjon. Vi hadde eit dårleg eksempel på administrasjon i vår, då vi rapporterte FoU-bruk tre gongar. Representant håpar at desse forskingsprogramma gir forskarar ein plattform for samarbeid og diskusjon, og at det lettar forskingsadministrasjonen. Slik det er i dag er mange tilknytte fleire forskingsgrupper, og all informasjon kjem i mange omgangar. Kanskje kan programma då ha ansvar for den meir administrative informasjonen (td utlysningar), så kan forskargruppene vere meir interessegrupper ein samlast i med aktuelle prosjekt. Slike program kan vere positivt for auka samarbeid innad, og at ein får hjelp til å finne eksterne partnarar. Men det er som sagt svært viktig at det ikkje berre blir nok ei «administrativ dør» forskarane må gjennom. Det er viktig med balanse mellom å tenke samla rundt forskning, men samtidig vere ein inkubator for nye tankar og idear. Håpar at desse programma blir store nok og robuste nok, til å sikre begge desse måtane å tenkje på.

<sup>3</sup> Informasjon- og drøftingsmøte (ID-møte) er ein arena for samhandling mellom tillitsvalt og leiinga ved fakultetet. Det skal bidra til god kommunikasjon, informasjon og medraderett mellom leiinga og dei tilsette.

- Ekstern representant opplyser at HVL sjeldan søker, når KS lysar ut midlar. Representant ytrar håp om at etableringa av forskingsprogram, kan gjere det enklare for FHS å forhalda seg til utlysingar.
- Intern representant ønskjer at det skal gå tydelegare fram at hovudformålet er å produsere kunnskap til praksisfeltet. Ein forskar ikkje for å oppretthalde eigen institusjon, men for å auke kunnskap i samfunnet.
- Fakultetsrådet hadde fleire synspunkt, på namn og tematisk inndeling av programma. Kva forkseagrupper skal komme inn under det enkelte program? Ein må tenkje seg godt om, i denne fordelinga.

### Orienteringar (15 min)

- Fakultetsadministrasjonen har no utarbeida første utgåve av eit årshjul over faste saker og aktivitetar i fakultetet. Årshjulet er eit overordna styringsverktøy, og bidrar til oversikt, medverknad og transparens i dei overordna aktivitetane og fristane ved FHS.

Her finn du lenke til årshjulet: <https://create.plandisc.com/FbNNb9z>

*I møtet: Therese Bøyum og Liv Kjelleberg (fakultetsrågivarar) orienterte kort om utarbeiding av årshjul ved FHS.*

- FHS sin status i forhold til universitetsprosjektet.

*I møtet: Dekan orienterte om FHS sine utfordringar, med å bygge opp kompetanse, samstundes med at det er mange som nærmar seg pensjonsalder i fakultetet. I neste møte i fakultetsrådet, vil vi prøve å få med Dag Stenvoll (prosjektleder for universitetsprosjektet), og sjå universitetsambisjonen opp mot kompetansekartlegging.*

- Tilpassingsavtalen ved HVL.

*I møtet: Dekan orienterer om at det no er nedfelt i tilpassingsavtalen, at det skal avviklast personalmøte minst to gonger i semesteret, både i institutt og i administrative einingar. Dette for å auke medvirkning frå tilsette.*